



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Maritim og teknisk komite
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	15.03.2016
Tid:	15:00 – 16:30

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leder	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Anja Pedersen	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Runar Stave	NESTL	AP
Frank Roy Moltu	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Robert Sverre Kleppe	Runar Stave	AP
Hans Sande	Frank Roy Moltu	FOLK/SP

Andre:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Ingeniør Fred Arnesen, utviklingsavdelinga

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Hans Sande og Robert Kleppe

Orienteringar:

- Fred Arnesen frå utviklingsavdelinga orienterte om kommunedelplan for Herøy – avlaup – 2016-2022 – utlegging til offentlig ettersyn. Saka vert lagt fram for maritim og teknisk komite på neste møte.

Maritim og teknisk komite ber administrasjonen søkje Statens Vegvesen om forlenging av 50-sona på Tarbergvegen forbi bebyggelsen.

underskrifter

Hans Sande

Idar Tarberg
leiar

Robert Kleppe

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 13/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 14/16	Protokoll frå førre møte.
PS 15/16	Delegerte saker
PS 16/16	Trafikktryggingstiltak intensivbelysning ved tilrettelagt kryssingspunkt på Hjelmeset - økonomisk avslutning
PS 17/16	Paul Berge 29/88 - Dispensasjon frå pbl § 1-8 for terrenginngrep, planering av nausttomt og utlegging av flytebrygge
PS 18/16	Terje Hungnes - 16/84 - søknad om dispensasjon frå plankrav og frå pbl § 1-8 vedr oppføring av naust, kai og flytebrygge
PS 19/16	Odd Morten Berge - 29/87 - søknad om dispensasjon vedr bygging av tilkomstveg i LNF-område av kommuneplanen og innanfor 100-meters beltet i strandsona, jf pbl §1-8

Orientering: Utviklingsavdelinga vil orientere om kommunedelplan for Herøy – avlaup – 2016-2022 – utlegging til offentleg ettersyn.

Delegerte saker frå avdelingane

DS 54/16	Gnr 34 Bnr 1 - etablering av festepunkt
DS 55/16	Lillenes 62/4 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein
DS 56/16	Goksøyr Eiendom as - 33/67 2 etg - Bruksendring
DS 57/16	Barstadklær as - 37/222 - Tilbygg
DS 58/16	Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 59/16	Martin O. Endresen 48/64 - Ferdigattest
DS 60/16	Mellombels bruksløyve - 34/244 - 2 og 4 etg.
DS 61/16	Sequoia as - 34/244 - midlertidig asylmottak for enslige mindreårige mellom 15-18 år
DS 62/16	Sequoia as - 34/244 - Igangsettingsløyve midlertidig asylmottak for enslige mindreårige mellom 15-18 år
DS 63/16	ferdigattest - p-plass 29/89
DS 64/16	Lanternen as - 42/1 - 16 naust i 3 rekker med tilhøyrande anlegg
DS 65/16	Gunnar Myklebust - 37/146 - Rehabilitering av skorstein
DS 66/16	Kristoffer Velsvik Berge - 31/42 - Bruksendring garasjeloft
DS 67/16	Kystverket Midt-Norge - 25/19 - Molo
DS 68/16	Fosnavåg Butikkeiendom as - 38/2 m fl - Butikkbygg og tilhørande veganlegg
DS 69/16	Tømrer Service AS 31/112 - Mellombels bruksløyve
DS 70/16	Ferdigattest tilbygg - 79/129
DS 71/16	Sigfred Sporstøl - 53/19 - tilbygg/samanbygging
DS 72/16	Fosnavåg Butikksenter as - 38/2 m fl - IG grunnarbeid
DS 73/16	Ferdigattest - 37/51
DS 74/16	Gnr 9 Bnr 120 - Frådeling av bebygde eigedomar Runde hamn.
DS 75/16	Gnr 42 Bnr 1 Frådeling av 5 nausttomter
DS 76/16	Lennart Lillestøl - 60/71 m fl - Tilkomstveg

DS 77/16	Tømrer Service as - 31/4 - Endring ansvarsrett
DS 78/16	Rita Sævik - 22/76 - Endring kjellaretasjen
DS 79/16	Ferdigattest - vassledningsanlegg
DS 80/16	Eli Leine Sæter - 37/385 - Altan
DS 81/16	Alf-Sigmund Hjelmeset 29/32 - Endring av ansvarsrett og mindre fasadeendring
DS 82/16	Gnr 37 Bnr 391 - Frådeling av tilleggsareal
DS 83/16	Olav Lovise Tjervåg - 53/11 - 4 naust i rekke og flytande bølgedempar
DS 84/16	Tor Inge Sporstøl - 53/17 - Tilbygg
DS 85/16	Magne Rødskar 83/93 - Ferdigattest

PS 13/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 14/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 15/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 16/16 TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK INTENSIVBELYSNING VED TILRETTELAGT KRYSSINGSPUNKT PÅ HJELMESET - ØKONOMISK AVSLUTNING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.03.2016

1. Prosjektrekneskapen for 50016 utbygging av intensivbelysning ved tilrettelagt kryssingspunkt på Hjelmeset, vert godkjent med eit netto forbruk på kr 95.795,-
2. Meirforbruket på kr 795,- vert dekt av midlar avsett i budsjett til trafikktryggingstiltak 2016.

PS 17/16 PAUL BERGE 29/88 - DISPENSASJON FRÅ PBL § 1-8 FOR TERRENGINNGREP, PLANERING AV NAUSTTOMT OG UTLEGGING AV FLYTEBRYGGE

Møtebehandling:

Olaug Andreassen (AP) kom med framlegg om å ta vekk ordet «vesentleg» i rådmannen sitt framlegg i pkt. 1 og i andre avsnitt i pkt. 2:

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget frå Olaug Andreassen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.03.2016

1. Maritim og teknisk komite (MTK) gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå strandsonevernet i pbl § 1-8, for terrenginngrep og planering av tomt, samt etablering av flytebrygge på gnr 29 bnr 88.
2. Med heimel i plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr 71 § 21-4, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1, jfr § 20-3, datert 03.12.2015.

MTK gjev løyve til terrenginngrep i form av å fjerne ein bergknaus på gnr 29 bnr 88 og planering av tomta, samt etablering av landfeste med sikte på utlegging av flytebrygge, slik det er søkt om og etter innsendte teikningar, situasjonsplan og søknad datert 03.12.2015 og 02.03.2016.

3. MTK vedtek med heimel i havne- og farvasslova § 27 at det vert gjeve løyve til utlegging av flytebrygge på gnr 29 bnr 88.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099

Fosnavåg. Klagefristen er på 3 – tre – veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova §§ 28 og 29.

PS 18/16 TERJE HUNGNES - 16/84 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAV OG FRÅ PBL § 1-8 VEDR OPPFØRING AV NAUST, KAI OG FLYTEBRYGGE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.03.2016

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå formål i kommuneplan, samt frå plankravet i kommuneplan innafor område H1 og dispensasjon frå pbl § 1-8 strandsonevernet knytt til oppføring av nytt naust, kai og flytebrygge på gnr 16 , bnr 84 i Herøy kommune.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltaket ikkje vil påverke utviklingsmoglegheitene i området vidare. Nytt naust, med tilhørande kai og flytebrygge fell fint inn i det eksisterande naustmiljøet og det er heller ingen merknader til tiltaket frå regionalt hald.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

PS 19/16 ODD MORTEN BERGE - 29/87 - SØKNAD OM DISPENSASJON VEDR BYGGING AV TILKOMSTVEG I LNF-OMRÅDE AV KOMMUNEPLANEN OG INNANFOR 100-METERS BELTET I STRANDSONA, JF PBL §1-8

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 15.03.2016

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel vedr bygging av veg på LNF-område og dispensasjon frå PBL §1-8 vedr bygging av veg innanfor 100 meters beltet i strandsona på gnr 29, bnr 87 i Herøy kommune.

Vilkår:

Dispensasjonen er gitt på vilkår at vegen vert terrengtilpassa slik at ein ikkje gjer meir inngrep enn nødvendig i terrenget og at Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført dei nødvendige arkeologiske synfaringane/registreringane på området.

Det kan ikkje gjerast endeleg vedtak i saka før forholdet til automatisk freda kulturminne er avklara – det betyr at det ikkje kan gjevast byggeløyve før etter synfaring/registrering er utført.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

MØTET SLUTT KL. 16:30